

**Huglen: - Festidalen også for dei eldre!****30.07.2009**

**- Festidalen er eit kjempetiltak. Det er berre så dumt at dei er uheldige med veret, seier Magne Huglen til Kvinnheringen.  
Han oppmodar også dei litt eldre til å ta ein tur.**



Huglen held fram:

- Eg gler meg kanskje mest til å sjå Åge Aleksandersen, men eg fekk med meg Robert Smith Hald på Vertshuset førre fredag og det var absolutt god musikk.

Magne Huglen oppmodar også dei som er litt eldre om å gå på Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eg tykkjer dei litt eldre skal våga seg ut, for dette er musikk for dei og. Aldersgruppa 50 pluss bør bli flinkare til å ta turen innom.

Dei har råd og det er viktig at ein støttar opp om Festidalen, så mykje arbeid som arrangørane legg i dette arrangementet, oppfordrar Magne Huglen.